

Årsmelding 2018

Praksiskonsulentordninga i Helse Førde har vore i funksjon sidan 2007 og dei siste åra med dei same 3 praksiskonsulentar i arbeid i tilsaman inntil 70% stilling. Vi jobbar timebasert som næringsdrivande, og arbeidsmengda vil variere etter kva for oppgåve og prosjekt vi jobbar med.

Anne Stubdal, tidlegare fastlege i Stryn kommune.
Hovudkontakt for Nordfjordregionen.
Fungerer også som pko-leiar.

Normund Svoen, fastlege i Flora kommune.
Hovudkontakt for kommunar i Sunnfjord, midtre og ytre Sogn.
Webredaktør.

Jan Ove Tryti, fastlege og kommuneoverlege i Sogndal kommune.
Hovudkontakt for kommunane i Indre Sogn.

Alle 3 er spesialistar i allmenntillegemedisin

Som før arbeider vi i heile føretaket med dei oppgåver som vi vurderer som viktige samhandlingssaker, og vi fordeler oppgåver oss i mellom etter geografi og kapasitet.

Eksempel på arbeidsoppgåver i 2018:

Vidareføring av arbeid frå tidlegare år:

- Prosjekt «Samhandling under same tak», Florø
- Samhandlingsmøter psykiatri
- Samla plan for prehospitale tenester
- Prosjekt «Barn som pårørande»
- CFS/ME

- Øyremerka stillingar for allmennlegar i spesialisering
- Oppdatering adresselister og telefonnummer fastlegar.
- Oppdatering nettsider, nyhendebrev til fastlegar.

Nokre viktige nye oppgåver i 2018:

- Utviklingsprosjekt Lærdal sjukehus
- Rekruttering av psykologar til kommunar
- Telemedisin – nytt prosjekt.
- Pakkeforløp psykiatri
- Svangerskapsdiabetes og nye retningslinjer
- Barnediabetes
- Helsekrav førarkort
- Samarbeid med Helse Vest om lab.tenester
- Planarbeid psykiatri og rus
- Deltaking i arbeidsgrupper vedr nye Førde sjukehus og pasienten si helseteneste.
- Samarbeid med ny *Samhandlingskoordinator* i kommunane
- Samarbeidsrutinar om utskrivingsklare pasientar
- Deltaking i gruppeveiledning av LIS1 legar

Kurs og møteverksemd:

Alle praksiskonsulentane er observatørar på møta i *fagrådet* i Helse Førde.

Deltaking *Samhandlingskonferansen* i Helse Førde, mars 2018

Deltaking på *Nasjonal PKO-konferanse* i Svolvær juni 2018.

Møte med laboratoria i Helse Førde 2 gongar årleg.

Fagdagar psykiatri i Nordfjord og Sunnfjord.

Besøk på nokre allmennlegekontor.

Deltaking i fylkeslegen sitt nettverk for samfunnsmedisin.

Undervisning på fredagsmøte og klinikkråd.

Fellesmøte 3-4 gongar i halvåret. Samhandlingssjef og utviklingsdirektør vert invitert.

Praksiskonsulentane sin kontakt med fastlegane:

Vi opplever at det er vanskeleg å ha god og regelmessig kontakt med fastlegar. Dei har ein travel arbeidsdag og lite tid til møteverksemd med oss, og vi strever litt med å nå ut med informasjon. Vi sender ut PKO-nytt 3-5 gongar i halvåret til alle fastlegar, men vi trur ikkje dette vert lest av alle. Kanskje vi kan prøve pånytt med faglege samhandlingsmøter som vi hadde for nokre år sida. Det er då heilt nødvendig at også legar på sjukehuset er aktuelle deltakarar, og at innhaldet er aktuelt for begge partar. Kanskje foretaksleiinga kan hjelpe oss med å tilretteleggje for slike møteplassar? Jfr Møteplass Oslo: <https://oslo-universitetssykehus.no/fag-og-forskning/samhandling#m%C3%B8teplass-oslo>

Praksiskonsulentane sin kontakt med sjukehuslegane:

Aktiv deltaking i fleire samhandlingsprosjekt i Helse Førde.
Uformelle og formelle samtaler med legar.
Faste møte med overlege på laboratoria.
Innlegg på fredagsmøte i auditoriet.

Vi ønsker oss eit tettare samarbeid med sjukehuslegane og gjerne faste avdelingsvise møtepunkt for informasjonsutveksling.

Kontakt med administrasjonen:

Vi er administrativt plassert i avdeling for stab og støtte med samhandlingssjef som vår næraste samarbeidspartnar og utviklingssjefen som vår overordna. Siste året har vi kjent på at vi har hatt lite kontakt med våre overordna i helseforetaket og lite tilbakemelding på arbeidet vårt. Dette er drøfta med samhandlingssjef og utviklingsdirektør, og vi har no god tru på at dette vert betre i 2019. Vi ønsker også tettare kontakt med fagdirektør. Vi set pris på å vere faste observatørar i fagrådet, og vi føler at våre synspunkt der blir lytta til.

Praksiskonsulentane sitt ansikt utad:

Praksiskonsulentane sender regelmessig ut e-postar med viktig informasjon frå heimesida til alle allmennlegar i fylket samt til sjukehuslegar, administrasjonen i Helse Førde og fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Viktig informasjon frå helseforetaket til allmennlegar om samhandlingstema vert ofte drøfta med PKO og kvalitetssikrast før utsending, og vi ønsker å bringe ut viktig informasjon frå avdelingane. Det er likevel vanskeleg å vere synleg både blant allmennlegar og sjukehuslegar, og det er tidvis også vanskeleg å nå fram med viktig informasjon.

Vi brukar mykje tid og krefter på å ha oppdaterte e-post-lister til alle allmennlegar i fylket, og sjukehuset kan gjerne ta kontakt med oss for informasjon om slike adresser.

Heimeside:

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Heimesida til praksiskonsulentane vert kontinuerleg oppdatert, stort sett kvar veke. Normund Svoen gjer ein stor innsats for å sørge for dette.

Vi jobbar aktivt med å markedsføre denne sida både for sjukehuslegar og primærlegar, i håp om at dette kan vere ein viktig informasjonskanal mellom tenestenivåa.

Den nye samhandlingssida til helseforetaket:

<http://samhandling-sfj.no/>

er også ein nyttig kanal for informasjon.

Sluttord.

Praksiskonsulentane har hatt varierte arbeidsoppgåver i 2018. Vi jobbar stadig meir desentralisert og nyttar ofte videoløysingar, noko som bidreg til at vi kan delta i mange ulike prosjekt utan å måtte bruke mykje tid på reising. Det er likevel å viktig å treffast ansikt til ansikt nokre gongar i semesteret, og vi vil prioritere møtepunkt også i vårt vidare arbeid.

Dimensjoneringa av PKO i Helse Førde er god nok, og vi føler vi har tillit i helseforetaket og kan jobbe med dei sakene vi anser som viktige. Vi ser fram til vidare arbeid i 2019, med god kontakt både med leiinga i Helse Førde, legar i spesialisthelsetenesta og legar i kommunane.

Førde, februar 2019

Praksiskonsulentane

Anne Stubdal anne.stubdal@helse-forde.no

Jan Ove Tryti jan.ove.tryti@helse-forde.no

Normund Svoen normund.rolleiv.svoen@helse-forde.no